



› Overordna mål og satsingar

Giske kommune skal halde ein høg etisk standard i samsvar med etisk reglement. Reglementet vert årleg gått gjennom og drøfta i kommunestyret og med dei tilsette. Refleksjon kring etiske dilemma vart prøvd ut i kommunedirektøren sitt leiarforum og i møte mellom hovudtillitsvalde og administrasjon. Dette skal innførast som ei fast ordning i 2022.

Giske kommune har eit overordna kvalitet- og internkontrollsystem og arbeider med kontinuerleg forbetring på dagsorden. I 2021 har vi blant anna hatt fokus på GDPR, fått etablert månadleg gjennomgang av avvik, og opplæring til alle tilsette i bruk av kvalitetssystemet.

Overordna mål

Dei overordna måla til Giske kommune blir gitt i kommuneplanens samfunnsdel. Vi arbeider etter Samfunnsplanen for åra 2014-26. Den legg til grunn at Giske skal vere ei samspelkommune. I samspelkommunen legg ein at eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. Dette er viktig i dag og i framtida, og særleg når vi ser korleis demografien i kommunen vil utvikle seg i same periode.

Satsingsområda som er valt for perioden er følgande:

- Vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- Ha gode levkår
- Vere ein god næringskommune
- Ha eit rikt kulturliv

Satsingar

Basert på satsingsområda i samfunnsplanen har kommunen i 2021 arbeid med følgande hovedområde:

- Sikre god økonomisk styring og kontroll, og endre tenestetilbodet i tråd med samfunnsutviklinga. For å kome ut av ROBEK må vi endre oss. I 2021 har fokuset vore å arbeide med tiltak for å ta ned drifta. Arbeidet må vidaraførast i 2022, men med god hjelp av god skatteinngang og avkastning i 2021 ser ein ved utgangen av året at dette målet kan bli nådd allereie i 2022.
- Omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi»: fokus i 2021 har vore å ta i bruk eksisterande verkøy og arbeide med arbeidsprosessane knytt til dette. Blant anna skal nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon vidareutviklast, overgang til digitale timelister, digital innregistrering i bygga våre, og ikkje minst forbeta digital søknadsprosess knytt til byggesak.

- Smartby-satsing: Giske er saman med Ålesund og Sula med i Smartby-satsinga. Dette gir oss unike mulegheiter til å utvikle framtidsette smarte tenester og enklare innbyggardialog. Ein del av dette er deltaking i framtidslabben ved NMK (Norsk maritim kompetansesenter).
- Sjølvhjelpete innbyggjarar: Gjere innbyggjarane sjølvhjelpete så langt det er mogleg og ha realistiske forventningar til kva kommunen kan levere av tenester. Gjennom dialog, medverknad og engasjement skal ein saman definere grensene for kva det offentlege kan tilby og kva den enkelte må ta ansvar for gjennom tilrettelegging ved livsendringar. Frivillige lag og organisasjonar har ei naturleg rolle i dette arbeidet.
- Innbyggjarmedverknad skal ha fokus ut over det som følgjer av lov og forskrift. Samspel med innbyggjarane skal ha høg prioritet. Tankegangen bak metoden «samskaping» skal nyttast som modell for arbeidet.
- Framover vil fokuset også vere å ta berekraftsmåla inn "under huden" i organisasjonen.

Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
	Tilrettelegge for bustadutvikling	Reguleringsplanar blir behandla innan frist	I planperioden	Innanfor budsjett	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
		Byggesaker vert behandla innan frist	Fortløpande	innafor budsjett	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
Kommuneplan-samfunnsdel	Utvikle infrastruktur i tråd med bustadutviklinga	Kommunal utbygging	Ikkje prioritert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen	Krev investering	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
		Privat utbygging gjennom bruk av utbyggingsavtale med kommunen	I planperioden	Auka kostnader til drift og vedlikehald etter utbygging	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
Rullering samfunnsdel	Oppdatere samfunnsplanen for neste planperiode.	Fullføre rullering av samfunnsdel i løpet av 2022	2022	Innanfor budsjett	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
Rullering arealdel	Oppdatere arealdelen for neste planperiode.	Vurdere rullering av arealdelen i 2022.	2022-23	Innanfor budsjett	Har vore under førebunde arbeid/vurdering året 2021

Hovudmål 2: Giske kommune skal ha gode levekår

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Kommuneplan	Definere kva tenester kommunen skal tilby og nivået på desse	Reduserte kostnader	2022	Innanfor budsjett	Har vore under førebunde arbeid/vurdering året 2021
		Avklart tenestnivå	2022	Innanfor budsjett	Har vore under førebunde arbeid/vurdering året 2021
		Avklart ansvarsdeling mellom kommunen og innbyggjarane, blant annet gjennom å arbeide med serviceerklæringar og med basis i "kommune 3.0-tankegang"	2022	Innanfor budsjett	Har vore under førebunde arbeid/vurdering året 2021
		Innføre ny struktur innafor oppvekstområdet	Likeverdige tenester for alle brukarar, reduserte kostnader	2022	Med egne ressursar innanfor budsjett
	Utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspel med brukarane, pårørande og innbyggjarane	Tilpassa tenestetilbod til rett kvalitet til den enkelte brukar, reduserte kostnader	2022	Med egne ressursar innanfor budsjett	Har vore under førebunde arbeid/vurdering året 2021

Hovudmål 3: Giske kommune skal vere ein god næringskommune

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Strategisk næringsplan (SNP) 2016-25	Starte utbygging av Gjøgesund	Starte mudringsarbeid	Når låneopptak vert godkjent av fylkesmannen	Stat-/ fylkesfinans	Låneopptak godkjent og mudringsarbeid starta i 2021. Ferdig september 2022.

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
	nasjonale fiskerihamn				
	Legge til rette for næringsutvikling	Samarbeid med næringsaktører i Giske kommune	2021	Innanfor budsjett	Utsett på grunn av pandemi. Prioritert deltakere knytt til mudringsarbeid Gjøvsund
Etableringssatsing	Fleire etablerarar på kurs	Satsing på hoppid-kontoret	2021	Innanfor budsjett	Lite aktivitet i 2021 på grunn av pandemi
Landbruk og viltforvaltning	Betre kunnskap om landbruksnæringa i Giske kommune.	Gjennomført synfaringar og gardsbesøk ved behandling av søknader og spørsmål om areal-forvaltning	2021	Innanfor budsjett	Gjennomført møter. Gardsbesøk utsett på grunn av pandemi.
	Omorganisere viltområda	Organisert hjortevalda i eit bestandsplan-område	2021	Innanfor budsjett	Ikkje igangsett

Hovudmål 4: Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Kommuneplan	Legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen	Arrangere UKM	Årleg 2020-23	Innanfor budsjett	Frivilligsentralen har godt samspel
	Bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får delta i og vere med på ulike aktivitetar og fritidstilbod		Årleg 2020-23	Innanfor budsjett	UKM er arrangert
	Sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljø		2023	Innanfor budsjett	I 2021 er Stikk ut skilt set opp og kommunen har delteke i planlegging og arbeid knytt til tursti Vigrastova til Blindheimsvika